



## SAKSPAPIR

| Saksnr  | Utval                               | Type | Dato       |
|---------|-------------------------------------|------|------------|
| 23/2022 | Formannskap/plan- og økonomiutvalet | PS   | 15.03.2022 |

| Sakshandsamar | Arkiv          | ArkivsakID |
|---------------|----------------|------------|
| Hege Eide Vik | FE-072, FA-F39 | 22/315     |

### DRØFTINGSSAK - STØTTE TIL HUMANITÆRT ARBEID - NEI TIL KRIG!

#### Ordfører sitt framlegg til vedtak:

1. FPØ i Vaksdal kommune løyver kr. 10 000,- til Redd barna sitt arbeid i Ukraina.
2. Ordfører og varaordfører får fullmakt til å utarbeide eit politisk opprop til kommunestyret 29.03.2022 eventuelt undersøke om kommunen skal slutte seg til opprop frå andre kommunar i Noreg.
3. FPØ ber administrasjonen til kommunestyret sitt møte 29.03.2022 gjer greie for korleis Vaksdal kommune kan ta mot flyktingar frå Ukraina, og korleis våre innbyggjarar kan ta kontakt med kommunen om å bidra.

FPØ i Vaksdal kommune løyver kr. 50 000,- til Redd barna sitt arbeid i Ukraina

#### Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 23/2022

#### **FPØ - Behandling:**

Endringsframlegg frå formannskapet til punkt 1:

*FPØ i Vaksdal kommune løyver kr. 50 000,- til Redd barna sitt arbeid i Ukraina*

#### **Røysting:**

Det vart røysta punktvis:

Punkt 1: Ordfører sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot fellesframlegget frå FPØ - fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

Punkt 2 vart samrøystes vedteke

Punkt 3 vart samrøystes vedteke

#### **FPØ - Tilråding/Vedtak:**

1. FPØ i Vaksdal kommune løyver kr. 50 000,- til Redd barna sitt arbeid i Ukraina.

2. Ordfører og varaordfører får fullmakt til å utarbeide eit politisk opprop til kommunestyret 29.03.2022 eventuelt undersøke om kommunen skal slutte seg til opprop frå andre kommunar i Noreg.
3. FPØ ber administrasjonen til kommunestyret sitt møte 29.03.2022 gjer greie for korleis Vaksdal kommune kan ta mot flyktningar frå Ukraina, og korleis våre innbyggjarar kan ta kontakt med kommunen om å bidra.

### Saksopplysningar:

Den russiske krigen og invasjonen av Ukraina fører til enorme lidingar for det Ukrainske folk. Millionar av Ukrainarar er internt fordrivne og på flukt. Den største humanitære katastrofen i Europa sidan krigane på Balkan på 90 - talet er eit faktum.

Nesten ein og en halv million sivile har allereie greid å flykte til nabolanda. Dette går sterkt innpå oss alle.

Denne saka er ei drøftingssak lagt fram for FPØ av ordfører og varaordfører. FPØ vert invitert til å drøfte om og korleis Vaksdal kommune kan delta i dugnaden som er starta i kommune - Noreg om hjelp for flyktningar i Ukraina krigen.

Formannskapet vert invitert til eventuelt å gjere vedtak om:

- Økonomisk støtte til hjelpeorganisasjonar som arbeider i konflikten.
- Ønske flyktningar velkomne til Vaksdal kommune.
- Opprop til kommunestyret - nei til krig - ja til demokrati - Russland ut av Ukraina no!
- Lista er ikkje uttømande.

I første omgang vert FPØ invitert til å drøfte om kommunen skal gi økonomisk støtte til hjelpeorganisasjonar som arbeider i konfliktsona. Om FPØ meiner dette er riktig må ein og drøfte korleis og eventuelt kor mykje. FPØ må og vedta om ein skal gi hjelp til ein eller fleire hjelpeorganisasjonar og kven.

Kvart år gjev kommunen 10 000 kroner til TV - aksjonen og vi meiner dette er eit godt utgangspunkt for diskusjon om økonomisk bidrag.

Om FPØ ønskjer ein politisk uttale i form av eit opprop, kan det vere føremålstenleg at ordfører og varaordfører (eller fleire/andre) får fullmakt til å utarbeide eit slikt opprop fram mot kommunestyret sitt møte 29.03.2022 og at eit slikt opprop vert endeleg handsama der.

Fram mot kommunestyret 29.03.2022 vil og ordfører og varaordfører tilrå at FPØ ber administrasjonen melde tilbake korleis Vaksdal kommune kan ta mot flyktningar som kommune og korleis våre innbyggjarar kan ta kontakt med kommunen om korleis kvar enkelt av oss kan bidra.